



vestafor måne

Guri Aasen  
Forteljar

Tlf: (+47) 936 06 715  
guri-aas@online.no  
www.vestaformaane.no  
Org.nr: 982 358 973



## ODYSSEVS 20 ÅRS LANGE REISE PÅ EIN TIME

*“Av alle heltane som kjempa ved Troja, var Odyssevs, kongen av Itaka, den klokaste og luraste. Det var han som var arkitekten bak den trojanske hest, og som etter ein 10 år lang strid gav grekarane sigeren.”*

Homers Odysseen tek til når krigen mot Troja ( Illiaden) er over og dei greske heltane kan vende heim.

Odyssevs legg med flåten sin ut på ei strabasiøs og eventyrleg heimreise der han møter mange farar og hindringar, som den enaugde kyklopen Polyfemos, trollkvinna Kirke, den elskovssjuka nymfa Kalypso, dei sagnomsuste sirenene som lokkar med sin forførande song, samt mange andre uhyrer og sjømonster som gjer sitt beste for å stikke kjeppar i hjula for han og mennene hans.

Heime på øya Itaka ventar hustrua Penelopeia og sonen Telemakos, omringa av ein flokk friarar som ynskjer død over Odyssevs. Friarane har tatt seg tilrette i husbonden sitt fråvær og sloss om Penelopeia sin gunst.

Etter tjue år kjem Odyssevs endelig heim, der han får det travelt med å få jaga ut dei uønska friarane.

Odysseen sprang ut av den munnlege skaldetradisjonen, og ein reiknar med at Homer har utforma og nedteikna diktet for over 2700 år siden.

Med si sterke forankring i den munnlege forteljartradisjonen er Odysseen ei svært velegna forteljing å lytte til.

**Varigheit:** 60 minutt

**Tilrettelegging:** 3 x 3 meter golv plass

**Ta kontakt for pristilbod**